



SURNADAL KOMMUNE


# Kavlvegen kultursti

Bærekraft og lærekraft frå kulturarven

1161 – 2023

Anne Lise With Vullum





# Velkommen til Kavlvegen kultursti

## Trivselstur med berekraft frå kulturarven

Surnadal kommune har bygd Kavlvegen kultursti som eit eksempel på berekraftig og naturvennleg tilrettelegging på sårbar myr. Turstien har formidling og bevaring av lokalt tradisjonshandverk og freda kulturminne som utgangspunkt for innovasjon og universell utforming. På myrområdet får du oppleve ei gigantisk bruegging/klopping i ubehandla tre. Surnadalskloppa. Den flytande konstruksjonen er tilpassa rullestolbruk, men låner kunnskap frå arbeidet med å rekonstruere ei tolking av ein kavlvæg frå 1160-talet like ved. Den historiske rekonstruksjonen utgjer ein kortare del av tursti i tre som ikkje er egna for rullestol, men alle får komme tett på og sjå den.

Kavlvegen kultursti med kavlvegar og grusa tursti er på litt over 3 km. I midten ligg Lomtjønna og ei romsleg kvilebu med platting. Kvilebua er bygd etter lokal tradisjon, men er tilpassa rullestolbruk både ute og inne. Retningskilt viser kortaste avstand til kvilebua.

Turstien har to startpunkt:

- Frå parkering ved museet på Åsen: Følg grusa tursti med tursløyfe kring myr, vidare opp til kvilebu og kavlvegar.
- Frå HC-parkering ved Galtmettet: Følg rullestolvennleg kavlvæg (Surnadalskloppa) over laftebru til tursløyfe kring myr, vidare til kvilebu.

Symbol på kartet viser dei ulike delane av turstien.

## ☞ Freda kulturminne (1160)

Kavlvegen kultursti har både ide og namn frå eit intakt arkeologisk funn i dette myrområdet - ein 800m lang kavlvæg i kløyvde trestokkar, der yngste stokk er datert 1160. Konservingsforhold i myr gjer at ubehandla tre blir godt bevart. Kan dette overførast til moderne turstiar?

## ☞ Historisk rekonstruksjon (2019 – 2023)

Basert på arkeologiske undersøkingar og tolking av verktøyspor har tradisjonshandverkarar frå Nordmørsmusea gjenskapt om lag 200m av den freda kavlvegen for hand. Denne er ikkje egna for rullestol. Kanskje arkeologar studerer desse øksespora om tusen år?

## ☞ Innovasjon – Surnadalskloppa (2021 – 2023)

Basert på konstruksjonsprinsippa frå den historiske kavlvegen er det utvikla ei industrialisert nyskaping i form av rullestolvennleg kavlvæg i ubehandla tre. Dette er eit fleksibelt byggesett frå sag. Montering skjer utan bruk av spikar, noko som gjer det enkelt å skifte ut stokkar. Det er lagt nesten 1000m av Surnadalskloppa i tursti og møteplassar.

Konsept: Byggleiar Torgeir Leivdal/Nordmørsmusea  
Leverandør: Bøfjorden Sag AS.

Vi håpar Kavlvegen kultursti med skånsam og inkluderande tilrettelegging vil inspirere andre! God tur – finn fred i kropp og sjel.

## Kontaktinformasjon Kavlvegen kultursti

Surnadal kommune er tilretteleggar og driftsansvarleg for Kavlvegen kultursti. All ferdsel i friluftslivsområdet skjer på eige ansvar. Ta kontakt med kommunen dersom du oppdagar skade, har spørsmål eller ønsker arrangement på Kavlvegen kultursti. Telefon: 716 55 800

Nordmørsmusea er forvaltar av kulturminne på turstiområdet. Ta kontakt med Nordmørsmusea for gruppeomvisning. Telefon: 715 87 000

## Kontaktpersonar:

Prosjektlegar: Kulturleiar Lilli Husby, Surnadal kommune. Prosjektleiar: Anne Lise With, Vullun, Surnadal kommune  
Byggleiar tradisjonshandverk og Surnadalskloppa: Torgeir Leivdal, Nordmørsmusea avd. Husasnotta

☞ Rasteplass/kvilebu Lomtjønna

☞ Parkering for rullestol

☞ Parkering for gående

☞ Handicapvennlig

☞ Uegna for rullestol

☞ Motorisert køyretøy forbudt

☞ Sykkel skal ha låg fart og vike

☞ Sykkel forbudt

☞ Møteplass

☞ Freda kulturminne (1160)

☞ Historisk rekonstruksjon

☞ Surnadalskloppa\*

\*Gjeld eige forklaring i teksta opppe til høgre

Turkart  
Kavlvegen kultursti  
M: 1:5000



Ta en fotografisk huskelapp!

☞ Det er bålforbod i utmark frå 15. april til 15. september. Gjeld også eingoingsgrill.

☞ Båndtvang 1. april til 31. oktober. Bruk hundepose!

☞ Unngå å tråkke i myra. Syklistar må vike for andre.

☞ Hjelp oss å halde naturen rein: Ta med ditt eige søppel tilbake.





## Litt om Kavlvegen kultursti

### Kavlvegar

Kavlvegar eller kavlebruer er ulike flytande historiske brueleggjar over myr, lagt i eit flettverk av trestokkar for tørrskodd ferdsel. Ein kavl i vår kavlveg er brukt i betydinga kleyvd rundstokk. Ordet kavl er også brukt om manglestokk/mangletre og om garnkavl (opprinneleg i tre) festa til overtøina på fiskegarn som fløttarar.

Kavlvegar er ressurskrevande byggverk, men har lang levetid grunna spesielle konserveringsforhold i myr. Vi finn difor restar av ulike kavlvegar i mange land og på fleire kontinent. På engelsk blir kavlveg omtala som wooden road, corduroy road eller plank road. Det eldste som er funne i Europa er fleire tusen år gamle. Orte følgjer slike nettverk av kavlvegar tidlege handelsruter.

Ved Åsen er det spor etter fleire historiske ferdselsårer. Ein kavlveg frå 1200-talet og Den Trondhjemske postvel frå 1700-talet følgjer delvis tala til den asfalterte FV670 – alle retning Skel. Desse er hovudvegar, tidlegare allmannavegar eller tjoedvegar, bygde etter formål og lovverk frå respektive tidsperiodar.



### Kavlveg anno 1160 og 2023

Under torva på denne myra er det funne 800 m samanhengande kavlveg frå Galtmettet i retning Østbedalen. Den har delvis bereevne etter over 800 år. Den er freda, så den skal vi ikkje gå på. Berekraftskommunen Surnadal ønskjer både å bevare ein bit av lokal samferdsels historie og å teste ut kavlveg som naturvennleg byggemetode i ein ny turstl. Dette krev mobilisering av spesialisert fagkunnskap.

Nordmøremusea har ei viktig oppgåve med å ivareta bygningsarven gjennom restaurering, dokumentasjon, innhenting og formidling av handboren kunnskap. NTNU Vitenskapsmuseet har spelalkompetanse og ansvar for arkeologiske undersøkingar av freda kulturminne.

I 2019 blir små stykke av kavlvegen avdekt og undersøkt under leiling av overingenlør Raymond Sauvage ved NTNU Vitenskapsmuseet. Frå Nordmøremusea deltek byggelær Torgelr Lelvdal (tradisjonshandverkar) og Jarle Stavik (arkeolog). Den er bygd i rettvaaksen furu med langsgåande toppdekkje av halvkleyvde stokkar. Den har spesielle kantstokkar nagla til underliggande tverrstokkar. Tverrfagleg kunnskap tilseier at kavlvegen er bygd for frakt og at den utgjer ein sideveg eller tverrveg frå hovudvegen på Galtmettet.

Studentar frå NTNU og elevar ved lokale skular har vore involverte i praktisk tradisjonshandverk på Kavlvegen kultursti. Fleire har delteke på dugnad og kurs i kavlveglegging og barking og klyving av stokkar.

Framfor deg ligg resultatet av ein tolkingsprosess med bruk av historiske arbeidsmetodar og verkty – frå rot til stokk. Eit levande kulturminne i bruk.



Skann koden  
Her kan du sjå meir om den historiske avdekkinga og arbeidet med kavlvegen.

Scan the code  
for english information



NTNU | Vitenskapsmuseet



Møre og Romsdal fylkeskommune

Miljødirektoratet



Nordmøre museum



SURNADAL KOMMUNE

### Surnadalskloppa – rullestolvennleg kavlveg

Overføringsverden til moderne turstbygging ligg i ein ressursbesparande Innovasjon som bygger på vidare på erfaringar frå rekonstruksjonen.

Surnadalskloppa utgjer ein flytande kavlveg i ubehandla tre, og er eit byggesett frå sag for montering utan spikar. Byggesettet har langsgåande toppdekkje av furustokkar. Desse er utfresa i endane og felt ned i underliggande tverrstokkar.

Sidekantar er festa med dæmlingar i tverrstokkane. Sidekantane har også den funksjonen at hjul ikkje trillar utom og at svaksynte kan orientere seg.

Daniel Fiske har vore involvert som brukarrepresentant frå start. Surnadalskloppa er utvikla av byggelær Torgelr Lelvdal i samarbeid med Børfjorden Sag AS.





Surnadalskloppa - byggesett



# Bygger turløype inspirert av gammel vikingveg

I tidlegare tider var trebruer ein viktig ferdselsåre for å kome seg over dei norske myrene. No gjer ein moderne variant det lettare for Daniel å ta seg ut i naturen.



NRK



Daniel Fiske er glad i å vere aktiv ute i naturen. Han lét seg imponere over den nye kavlvegen i Surnadal.

FOTO: MARIUS ANDRÉ JENSSEN STENBERG / NRK



✉ Marius André Jenssen Stenberg  
Journalist

Vi rapporterer frå Surnadal

Publisert 30. okt. 2022 kl. 10:10  
Oppdatert 30. okt. 2022 kl. 19:18



Artikkelen er mer enn ett år gammel.



– Det er heilt sjukt fint å kome seg ut i marka som dette her. Dette er noko eg absolutt har sakna, seier Daniel Fiske.

Han rullar med god fart bortover på treplankene. Rundt han er det opent myrlandskap, litt skog, med utsikt mot fjella i Trollheimen.







Kavlvegen kultursti er offisielt åpnet. Eigunn Stav Sætre, direktør Nordmørsmusea, mener prosjektet er et eksempel på bærekraft i praksis: vegen bærer oss over myra, den bærer kunnskapen gjennom tiden, og gir ny kunnskap som bærer oss videre inn i nye prosjekt og framtidige samarbeid. Foto: Tor Helge Solli







## Kavlvegen (frå Åsen)

Surnadal

● Oppdatert 09.02.2024

### Kort om turen

Kavlvegen kultursti er turstien som passar for alle og skapar begeistring i alle aldersgrupper. Turmålet, kvilebua ved Lomtjønna, er som eit postkortmotiv du stadig må vende tilbake til! Å få gå på sjølve kavlvegen, stiar av tre som flyt oppå myra, er også stort. For dei minste barna er kanskje det å få sykle i veg i trygge omgjevnadar etter grusstien det gauaste. Sjå turbeskrivinga «Kavlvegen (frå Galtmettet)» viss du brukar rullestol eller har ei funksjonsnedsetting.

### Ruteskildring

Parker på skilta parkeringsplass ved Åsen bygdemuseum. Turstien startar på nersida av vegen ved parkeringsplassen. Her går du først etter ein landbruksveg, før du kjem opp på ein smalare, grusa tursti. Ganske fort deler denne stien seg. Desse vegane møtest igjen etter eit lite stykke, og gjer at denne delen av løypa kan gåast som ein rundtur. Følj turstien vidare fram til kvilebua ved Lomtjønna, ca. 1,3 km frå der du parkerte. Herifrå kan du gå vidare inn på den delen av turstien som er treveg (kavlveg). Her kan du prøvegå ein rekonstruksjon av den gamle trevegen som ligg gøymt i myra her, eller gå ei sløye på «moderne», universelt utforma kavlveg.



Fottur  
**Grønn**



Lengde  
**2,82 km rundtur**



Stigning  
**62 m**



Tidsbruk  
**55 min.** ⓘ



Sesong  
**Vår, Sommer, Høst**



Høyeste punkt  
**146 moh**



Merking  
**Både skiltet og merket**



Mobildekning  
**Ja**





BÆREKRAFTIG: At et anlegg kan brukes av alle, selv de i rullestol, er et viktig kriterium for et b...

## Bærekraftige friluftslivsanlegg

### Dilemmaer, prinsipper og eksempler

FNs 17 bærekraftsmål, integrert i norske regjerings- og friluftslivsstrategier, har som mål å balansere et inkluderende friluftsliv med bevaring av natur. Artikkelen utforsker nøkkelaspekter for sosialt og økologisk bærekraftig friluftsliv og presenterer suksesshistorier som Kavelvegen kultursti og Ånderdalen nasjonalpark!

PUBLISERT: 08.02.24    SIST ENDRET: 25.02.24

Anleggstype: [Friluftslivsanlegg](#)

Tema: [Universell utforming og tilrettelegging](#), [Miljø og idrett](#)



### Last ned

↓ Bærekraftige friluftslivsanlegg - dilemmaer, prinsipper og eksempler.pdf

LAST NED

## Inspirasjonsanlegg i artikkel av Randi Karine Leendertse 2024

Sett i lys av balansen mellom sosialt og økologisk bærekraftige friluftslivsanlegg

### Virkemidler

- sonering
- differensiering
- kanalisering

## Vil du vite meir?

Surnadal kommune:

Kulturleiar Lilli Husby: [lilli.husby@surnadal.kommune.no](mailto:lilli.husby@surnadal.kommune.no) og prosjektleiar Anne Lise With Vullum [anne.lise.with.vullum@surnadal.kommune.no](mailto:anne.lise.with.vullum@surnadal.kommune.no)

Kavlvegen kultursti frå A til Å på FB: <https://www.facebook.com/kavlvegenkultursti>

Nordmørmusea/Husasnotra – lærestad i tradisjonshandverk:

<https://nordmorsmusea.no/besok-oss/heim/husasnotra/>

Surnadalskloppa byggesett:

- Byggleiar Torgeir Leivdal/Nordmørmusea: [torgeir.leivdal@nordmorsmusea.no](mailto:torgeir.leivdal@nordmorsmusea.no)
- Leverandør: Bøfjorden Sag AS: [post@bofjorden.no](mailto:post@bofjorden.no)